



---

# Nynorsk mønsterlov for lokallag i medlemsorganisasjonar

(Allmenn utgåve)

Sterke organisasjonar kan også ha mønstervedtekter. Dette dokumentet er meint som eit tilbod for alle lokale, frivillige lag og organisasjonar som ikkje finn hjelp hos landsdekkjande organisasjonar når det gjeld utarbeiding av vedtekter eller lover for laget sitt, - med særskilt tilbod om nynorsk språkbruk.

Dette er eit allment hjelpemiddel som er utforma slik at det skal kunne dekkje det meste som gjeld styring av eit lokalt lag. Her kan det leggjast til etter takast ut det som gjeld kvart lag. Mønsterlova finst sjølvsagt også i elektronisk utgåve.

Arbeidet med denne mønsterlova er gjort av Jostein Mo, som har lang røynsle frå feltet. Han var tidlegare styreleiar i Møre og Romsdal Idrettskrins og har i over 15 år vore med i lovutvalet i Noregs Idrettsforbund. Han har tidlegare omsett lovnormene for idrettsråd og idrettslag. Han har også laga ei nynorsk ordsamling med tanke på organisasjonsdrift. Mo fekk i 2012 eit stipend frå Noregs Mållag for å arbeide med dette.

---

## Lov

for *(laget sitt namn)*.

Lova er vedteken av årsmøtet (dato) med endringar seinast (dato).

### §1 - Namn

Laget sitt namn er *(namnet på laget)*.

### §2 - Føremål

Laget er sjølvvegande og har til føremål å *(føremål)*.

Føremålet kan nåast ved å (...).

### §3 - Organisering

Laget er ein open medlemsorganisasjon. Medlemmene betaler ein fastsett årskontingent. Medlemskap i laget vert rekna frå den dato kontingenten er betalt. Medlemskapen skal seiast opp skriftleg.

Det skal førast rekneskap for laget. Rekneskapen følgjer kalenderåret.

I det skriftlege administrative arbeidet i laget er målforma nynorsk.

Laget er medlem i *(samskipnad for heile landet)* med dei rettar og plikter lokallaget har.

#### §4 - Styret

Styret er øvste leiinga i laget mellom årsmøta. Laget skal ha eit styre på *(tal)* medlemmer og *(tal)* varamedlemmer. Leiaren vert vald kvart år, og dei andre styremedlemmene vert valde for 2 år. Varamedlemmene står på val kvart år.

Styret vert kalla saman av leiaren, og kan ta avgjerd når minst 3 medlemmer er til stades. Styret kan setje ned nemnder til å ta seg av særskilte oppgåver. Styreleiaren bind laget med underskrifta si.

#### §5 - Årsmøte

Styret kallar inn til årsmøte innan utgangen av *(namn på)* månad, kunngjort minst *(tal)* veker før årsmøtet. Røysterett på årsmøtet har dei som har betalt kontingent for året før.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret vedtek det eller minst 1/4 av medlemmene krev det.

#### §6 - Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal ha føre desse sakene:

1. Årsmelding frå styret om verksemda i laget
2. Lagsrekneskapen
3. Innkomne saker (innan fastsett frist)
4. Fastsetje årskontingent
5. Arbeidsplan og budsjett for komande år
6. Val av leiar, nestleiar, styremedlemmer og varamedlemmer
7. Val av ettersynsfolk og valnemnd.

Det kan ikkje takast avgjerd i andre saker enn dei som står på innkallinga.

Vala skal vere skriftlege dersom nokon krev det. Dersom ikkje anna er fastsett, er det krav om vanleg fleirtal for at ei avgjerd er gyldig. Blanke stemmer gjeld ikkje.

Lovendringar kan berre gjerast på årsmøtet med 2/3 fleirtal, og framlegga må vere kunngjorde før årsmøtet.

#### §7 - Oppløysing

Oppløysing av laget kan berre handsamast på vanleg årsmøte. Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare.

For at oppløysing skal kunne gjerast, må avgjerda her vedtakast på nytt med 2/3 fleirtal.

Ved oppløysing skal egedelar og arkiv takast hand om av (...) slik det ekstraordinære årsmøtet gjer vedtak om.

*Utkast ved Jostein Mo.*

